

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 19/712-6

## Avtale om revisjon av 2019 – rekneskapen våren 2020

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Vedlagde avtale med SF revisjon IKS om ferdigstilling av revisjon av 2019 - rekneskapen våren 2020, vert godkjent

### Vedlegg:

- Avtale om revisjon av 2019-rekneskapen våren 2020

### Andre relevante dokument i saka:

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Bakgrunn for saka

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune slår seg saman til Vestland fylkeskommune frå og med 1. januar 2020.

Fellesnemnda vedtok 21. september 2018 i sak 34/18 å kjøpe alle revisjonstenester i marknaden. Vedtaket var slik:

*Vestland fylkeskommune vel å kjøpa alle revisjonstenester i marknaden.*

- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av revisjonstenester med verknad frå 01.01.2020.*
- *Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.*

Kontrollutvalet vedtok 20. november 2018 i KU-sak 49/18 følgjande:

1. *Kontrollutvalet tek framlagd plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune til vitande*
2. *Kontrollutvalet ber sekretariata legge opp til endeleg val av revisor på fellesnemnda sitt møte 12. september 2019.*

I prosessen var det lagt opp til at kontrollutvalet skulle godkjenne konkurransegrunnlaget i møte 11. februar 2019. Dette vart også gjort i KU-sak 4/19.

Den same prosessen har også vore gjennomført i Hordaland fylkeskommune.

Det er lagt opp til at fellesnemnda skal sak om val av revisor for Vestland fylkeskommune i møte 18. september 2019 etter tilråding frå kontrollutvala i Sogn og Fjordane fk og Hordaland fk.

Fylkeskommunen sin rekneskapsrevisor, SF revisjon IKS, er i ein samanslåingsprosess med KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord, og vil etter planen vere del av eit nytt selskap ved utgangen av 2019. Dei har ikkje levert tilbod om revisjon av den nye fylkeskommunen.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune må få revidert sin rekneskap for 2019. Dette arbeidet vert delvis utført hausten 2019 og delvis våren 2020. Fylkeskommunen må derfor få på plass ein avtale med SF revisjon IKS for revisjon som skal utførast våren 2020.

SF revisjon har utarbeidd forslag til avtale, som er drøfta med kontrollsjef. Kontrollsjefen vurderer avtalen som ein god avtale som sikrar at fylkeskommunen sin rekneskap for inneverande år vert revidert ferdig våren 2020 på ein trygg og god måte.

Utkastet er lagt fram for løn- og rekneskapsjef, som ikkje hadde kommentarar til utkastet.

Kostnadmessig ligg dette under kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune. Det vert forutsett budsjettmessig dekning i budsjettet for kontrollutvalet for 2020.

Kontrollsjefen vurderer at kontrollutvalet kan gjere vedtak i saka, då det ikkje er snakk om val av revisjonsordning eller val av revisor. Saka gjeld ferdigstilling av eit revisjonsoppdrag som SF revisjon i dag har for fylkeskommunen.

Kontrollsjefen rår til at kontrollutvalet godkjenner avtalen.

## **3. Konklusjon**

Det er utarbeidd ein avtale for revisjon av 2019-rekneskapen våren 2020. Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å godkjenne avtalen, som ligg ved saka.